Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

August 2026



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Steinar Frønsdal
Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjeverje
kyrkjeverja@etnekyrkja.no
97 57 30 21



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
90 89 28 85



Per Hjemdal
Sokneprest i Skånevik
ph697@kyrkja.no
41 12 65 49



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Oleksandr Zavialov
Kyrkjegardsarbeidar
93 95 58 84



Solveig Sørheim Eikanes
Organist (permisjon)
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Anne Holter Vae
Leiar barne- og ungdomsarbeid
tru@etnekyrkja.no
99 15 88 14



Øklands kjem til Etne

Vise og popgruppa Øklands kjem til Etne under jubileumsveka for Gjerde kyrkje. Gruppa er frå Randaberg og formidlar ærlege og varme tankar om livet på godt og vondt.
Utøvarane er søskena Aina Økland Schøld, Kjetil Økland og Merete Økland Espedal på vokal, og ektemennene Arild Schøld og Tor Kjetil Espedal.

Øklands opptrer jamnleg på konsertar, kulturhelger og festivalar i Noreg, mellom anna på Skjærgårdssang. Gruppa har og tilknyting til Stavanger Gospelkor, som Arild Schøld er dirigent for og dei var i 2022 i Nashville for å delta i TV-serien «Alle tiders sanger», leia av Egil Svartdahl.

Øklands formidlar lune og nære tekstar på dialekt og med sine klokkeklare harmoniar kan dette gi kvile til både kropp og sjel.

Verdt å merka seg er at konserten blir i Etne kyrkje, fredag 23. oktober klokka 19.00. Billettar kan kjøpast på event.checkin.no eller i døra.

Forside: Kari Vik Stuhaug på Skaparverkets dag i Skånevik, hennar siste gudsteneste der før ho blei pensjonist. Foto: Anne Holter Vae.

«Eg kjenner mine» (Johannes 10,11-16)



Foto: Magne Langåker

«Sauer er alrighte dyr», sa ein politikar på 80-tallet. Det synes vi i Sunnhordland og. «Alle» har sauer i Sunnhordland. Eg kjenner ein god sauefamilie i Etne. Dei har ein god flokk. Sauene skal opp i fjella i Røldal for å gjere seg feite på sommaren. Og når hausten kjem skal dei ned igjen. Heile familien deltek i dette omfattande og ofte vanskelege arbeidet. Men dei går på med liv og lyst. Alle skal heim! Og det er det som imponerer meg. Alle skal verkeleg heim. Det får meg til å tenkje på den eine sauen som Jesus fortel om. I fjor mangla dei ein sau og to lam. Dei blei attfunne på Stavali ved Kinsarvik. Folk blei sende ut for å få dei heim. Dei blei funne, men dei ville ikkje gi slipp på fjellivet og gjetarane måtte gi opp. Helga etter blei det sendt opp helikopter for å hente dei, og då lykkast dei. Det var stor glede i familien – alle var funne. I begynnelsen på september blir det ny tur ut i fjellet. Og då er dei spente på om dei klarar å finne alle i år.

«Eg er den gode hyrdingen. Den gode hyrdingen set livet til for sauene.» Mange av dei gode sauegjetarane er nok inspirerte av fortelja til Jesus om å gjere mykje for sauene sine, men er trur ikkje dei ville finne på å setje livet til for sauene sine. «Eg kjenner mine», seier Jesus. Det synes eg er ein fin setning. Han kjenner sine og vil setje livet sitt til for oss – så viktige er vi for Han. Det held ikkje med dei 99. Alle er viktige, uansett. Sauene er ikkje like. Når den gode sauefamilien i Etne fortel om sauesankinga på hausten så fortel dei om sauer som er enkle å finne og som er lette å samle. Dei har ikkje gått så langt. Og så har du dei som har vandra i mange mil og slett ikkje vil ned igjen frå fjellet. Folk er ikkje like. Når Jesus møtte folk så møtte han dei på ulikt vis, men alltid med kjærleik. I kyrkja trur vi at vi har ein ting felles og det er at vi skapt i Guds bilete og er elska av Gud. Dette bind oss saman til ein flokk sjølv om vi er ulike på det meste. Hos Gud er vi alle like og har ein like stor plass som ein del i hans flokk. Han kjenner sine. Det er eg takknemleg for!

Arild Steinsland

Ein prat med Audny

3. august 1947 i halv fem-tida sigla Audny inn mot kaien i Skånevik. Den nye soknepresten , Sverre Myklebust, hadde lasta pikk og pakk og heile familien på ei skøyte i Sunnfjord og sett kursen mot sitt nye prestegjeld.

Flyttelasset var omfattande. Frå glasa på sildafabrikken kunne dei morgontrøytte sjå, attåt familien på 6 med møbler og kassar, mellom anna også eit bur med høns, og heilt på toppen ein utskoren trenisse som var med på lasset.

Dei kom frå den veglause bygda Stavang i Kinn prestegjeld, eit øyrike ut mot havet der ein berre flytta seg med båt. Det fyrste den nye presten måtte skaffa seg , var ein bil. Her hadde ein jo i det minste Strondavegen, og nyevegen, som no har blitt gamlevegen, heilt inn til Fjæra.

Vel i land hadde dei sin første Skånevikfrukost hos familien Olav Tungesvik.

Audny skulle starta i 2. klassen, men tok seg raskt oppover i skulesystemet. På trinn 2 hos Astrid Winterthun var det fullt, så dei plasserte henne likegodt hos Bauge i 3.

Ho kom til ein stor og fin prestegard, og ho minnest alle husa, mange er borte no. Stabburet, paktarhuset, hønsehuset og naustet. Gode minner. Men frukt- og bærplukking blei det meir enn rikeleg av i den store hagen, som var større enn no. På varme sommardagar fekk ungane ein time fri for å gå til sjøen og.bada.

For den nye soknepresten var songen viktig, og noko av det første han gjorde i sitt nye kall, var å starta Skånevik Songlag. Han kunne og finna på å koma syngjande inn til gudstenesta og på veg mot preikestolen. Songgleda og songrøysta hans vil mange her i bygdene minnast. Songarpresten blei han kalla.

Eit sterkt ungdomsminne er den store vekkjinga i 1952. Amundsen, ein predikant frå Amerika med røter på Stadtlandet kom og heldt møter på bedehuset. Tilstrøyminga av folk var så stor at møtene måtte flyttast til kyrkja. 3 månader var han her. Møte kvar kveld, måndag unnateke sidan det var dagen for songøving. Audny minnest det som ei god og rik tid for bygda. Seinare flytte han over til Vår Frelsers Kirke i Haugesund, og ho med fleire herfrå tok nokre gonger den lange bussturen for å høyra. Bilete frå ei anna tid.

Etterpå var det travelt med bibeltimar for å ta vare på fruktene.

Morfar til Audny vil og mange minnast. Den kjende predikanten og songforfattaren Mathias Orheim har vore mykje i Skånevik prestegard. Attåt songen spela han på glas, ei lang rekke som måtte stemmast med rett dosering vatn kvar gong. Til det trong han hjelp, sidan han var blind. Fem av songane hans står framleis i salmeboka.

Audny blei verande i Skånevik. Og nyårsafta 1958 gifte ho seg med Leif Jespersen. Same året flytte dei rett nok til Ålesund for eit år, der han gjekk på handelsskule og ho fullførde barne- og hjelpepleiarutdanninga si. Ho arbeidde på fødehjemmet og sjukehuset, men og på den seinare velkjende og mykje omdiskuterte Svanviken arbeidskoloni, driven av Norsk misjon blant hjemløse. For Audny var møtet med dei dei reisande positivt. Dei blei hennar vener og ho minnest dei ikkje minst som svært musikalske.

Audny sin arbeidsdag har vore innom mangt. Med Stabæk husmorskule i bagasjen hamna ho først på skulekjøkenet i Skånevik, men for det meste i helsevesenet her. «Eg jobba der dei ikkje fekk andre», seier ho friskt om seg sjølv. Heilt til ho var 75.

Mellom oss her har ho ikkje minst vore pianisten, på tallause møter og arrangement. Aldri vond å be. Ho fortel at før ein tilreisande kom til bygda, ringde han og ba henne spela, med



Foto: Harald Grønnevik.

fylgjande replikkveksling:
«Eg har høyrt du er den flinkaste pianisten i bygda!

«Det stemmer det, for eg er den einaste.»

Ho har og vore oppom orgelkrakken i kyrkja. Men seier at pedalane fekk vera i fred for henne.

Medan ho hadde barn og ungdom i huset, dreiv ho «Hobbyen» på bedehuset med ulike aktiviteter for opptil 30 ungar, og god hjelp frå Johannes Slåke, Hans Heer og Birgit Alvseike.

Sportsinteressa hennar har av familiære grunnar særleg retta seg mot langrenn. Sonen Steinar var ein habil løpar og særleg barnebarnet Chris nådde opp i den internasjonale toppen. Då kunne temperaturen framfor skjermen bli høg, forstår me.

Etter passering av gullbrudlaupet døydde Leif i 2010, og Audny heldt fram i livet aleine, heilt til ho mange år seinare møtte Johannes på Hermon høgfjellshotell. Ho og den tidlegare lensmannen i Øystese fann ut dei høvde godt i hop, og her sit dei framfor meg. Som de ser av biletet eit vakkert par. Også musikalsk passar dei saman, når ho spelar og han syng vakkert for oss.

I det eg reiser meg frå praten med Audny, ser eg meg rundt i den fine stova, og legg merke til at det er reine biletgalleriet. Bankmannen i Skånevik, Leif var ein flink malar, og systera Marit, som og til sist gjorde Skånevikbu av seg, har ført ein svært god pensel.

Takk for praten, Audny!

Harald Grønnevik

Friluftsgudsteneste i Eikehaugen

Første søndagen i juni var det igjen klart for friluftsgudsteneste i Eikehaugen i Skånevik. Sist år spelte ikkje veret på lag, så det var kjekt at det igjen heldt seg opplett lenge nok til at me kunne vera ute.



Speidarjenter som deltek på naturstien Foto: Anne Holter Vae

Dagen starta med natursti frå skulen, der familiar og mange speidarar, var med. Ei ekstra utfordring i år var at ein fekk sjå ulike naturting i startområdet, der ein i siste oppgåve skulle hugsa kva som kjem frå dyr, kva ein kunne ete og kva som kunne nyttast som reiskap. Underteikna er veldig glad for at ho var på lag med ei som har lært seg alle verdas flagg, for på veg til kyrkja og Eikehaugen hang det mange bilde av flagg og blomar, i mellom dei 5 postane.

I Eikehaugen samla folk seg på sitjeunderlag i bakken, speidarane stod med flagg, «alteret» var fint pynta og organist Tone Heide hadde med seg keyboard innpakka i presenning i tilfelle regn. Trusopplærar Anne Holter Vae delte ut aktivitetsbøker til 7-åringane, og fortalde Brødunderet godt innlevd i rolla som guten som delte av nista si.



Fint pynta i Eikehaugen med flaggborg og blomar. Foto: Anne Holter Vae

Kari Vik Stuhaug hadde si siste gudsteneste i Skånevik denne søndagen, og fekk eit epletre i gåve frå Soknerådet og gode ord med seg inn i pensjonistlivet. Etter gudstenesta var det premieutdeling for naturstien, og sjølvsagt kyrkjekaffi med medbrakt niste, kaker og kaffi. Det vart ei fin stund i Eikehaugen denne søndagen.Kari Johansson.



Sonen til kokkane, Ahmad Al Hamdan, som går i 10. klasse ved Enge skule, hjalp til med servering. Elisabeth og Emma Eline Vae Haaland og Torhild Børretzen får servert linsesuppe.
Foto: Kari Vik Stuhaug.

Syrisk festmiddag på Kyrkjetorget

Linsesuppe, kylling, fargerik ris, salat og rista mandlar stod på menyen då Asmahan og Sajih Al Hamdan laga til syrisk festmiddag på Kyrkjetorget tirsdag 19. mai. Litt framande smakar innimellom, men du verda så godt! Mellom førti og femti personar fann vegen for få seg syrisk mat på ein vanleg tirsdag. Jostein Harboe kom med dottera si frå Skjoldastraumen og var godt nøgd med både maten og tiltaket. Torild Inger Børretzen som også var på besøk i Etne denne dagen syns suppa var fantastisk. Ho hadde også sansen for kva tiltak som dette gjer for inkludering av våre nye landsmenn. Det er dugnadsfolk i regi av soknerådet som steller



Asmahan og Sajih Al Hamdan har budd i Etne i 10-11 år med familien sin, og likar å laga syrisk mat. Foto: Kari Vik Stuhaug.

til enkel kvardagsmiddag ein gong i månaden der kven som helst kan kjøpa seg mat for ein rimeleg penge. Å eta i lag skaper også moglegheit for prat og sosialt fellesskap på tvers av generasjonane. Det blir tilbod om dette til hausten også - informasjon finn de på Facebook.

Kari Vik Stuhaug



Etne musikklag deltok med flott musikk under kyrkjekaffien.



Mange var samla til kyrkjekaffi på kyrkjetorget etter gudstenesta.

Takk til Kari!

Soknepresten vår Kari Vik Stuhaug gjekk over i pensjonistane sine rekker den 1. august.

Med det er eit langt og variert arbeidsliv runda av, og dei siste tre og eit halvt åra har me hatt gleda av å ha Kari som soknepresten her i kyrkjelydane våre. Det har vore ei god tid, og me er svært takksame for tenesta som Kari har hatt her hjå oss. Kari sjølv er og svært glad for tida ho har hatt i Etne, og ho har trivst godt med prestegjerninga her. Ho tek fram gode kollegar, gode forhold med kontor og kollegar i kyrkja, og levande kyrkjelydar med stor aktivitet og mange frivillige, som veldig positivt. Då Kari byrja her i Etne, var ho ikkje akkurat ukjent for kyrkjelydane våre, i tillegg til at ho kom frå prestetenesta i Ølen, kjende me ho og som sjukehusprest i Haugesund. Ho arbeidde og ein lang periode innan psykisk helse i Helse Fonna. Kort tid etter at ho vart ordinert i 1998 var ho vikarprest i Skånevik ein periode, me kan såleis seie at Kari starta og slutta si prestetenesta i Skånevik og Etne

Kort tid etter fullført teologiutdanning, reiste ho og mannen hennar Harald Olav til Sør Amerika og Ecuador for å gjera teneste som misjonærar iblant quichua indianerane . Her var dei i to periodar på til saman åtte år, og her vart og dei tre sønene deira fødde, minstemann berre tre månadar då dei kom heimatt til Norge.

Tenesta og tida i Andesfjella, har vore med på å prega og danna livet deira seinare. I møte med menneske, i formidling, arbeid og teneste. Kari har til glede og lærdom for oss andre ofte henta fram, og nytta seg av, erfaringar og opplevingar frå møte med menneska og kulturen frå denne tida. Livet og arbeidet blant ei folkegruppe som var rekna som annanrangs, og som bar på mykje liding og smerte, forsterka misjonæren sitt syn for respekt og gjensidig likeverd. Og som har vore veldig viktig for henne både i misjonærtida og i alt ho har arbeidt med seinare, ikkje minst i perioden ho arbeidde innan psykisk helse. Dei fleste som har møtt Kari, merkar veldig fort hennar engasjement for rettferd, og nød for dei svakaste, både ute i verda, og her heime. Gjennom aktuell formidling, har ho ofte peika på situasjonen for våre medmenneske rundt oss i verda, vår grunn til takksemd her hjå oss, og ansvaret me har for dei som ikkje har det like godt som oss.

1. pinsedag 24. mai markerte kyrkjelydane av-



Steinar Frønsdal hadde helsing til Kari i gudstenesta.

skilsmarkering for Kari. Høgtidsgudsteneste pinsedag etterfylgd av kyrkjekaffi sette ramma for dette. Det var mange som takka Kari for tida her i Etne. Overraskinga var stor når eit nesten fulltalig Etne musikklag stilte opp med fin musikk. Kari fekk velfortent takk og helsingar frå prost Arild Steinsland , sokneråda, kollegar, frivillige og andre. I helsingane vart det halde fram Kari sin gode og verdige måte å møta menneske i alle situasjonar og oppgåver. Klok, vidsynt, av og til bestemt men og audmjuk var andre beskrivelsar. Alltid godt gjennomarbeida gudstenester, og det gode arbeidet med konfirmantane, vart halde fram som nokre av kjenneteikna på Kari si teneste. Soknerådet uttrykte stor takksemd for godt samarbeid og medverknad i soknerådsarbeidet.

Kva ser Kari fram til som pensjonist ? Ho ser fram til å kunna leggja frå seg ansvaret med prestegjerninga, fint å kunna ha sundagane og tida til eigen disposisjon. Og vera meir saman med familie og barnebarn. Få tid og krefter til å gjera det ein gjerne ikkje fekk gjort så ofte som ein ynskte tidlegare, gå tur, gjerne på fjellet, samla familien til måltid og samvær , bruka kreative evner. Kari og Harald Olav bur nå fint til i kårhuset på garden dei har drive i nesten tretti år, på Søndenå, midt mellom Ølen og Sandeid. Dei overlet garden til sonen for ei tid tilbake, og gler seg over at neste generasjon vidarefører gard og heim.

Me ynskjer Kari lukke til som pensjonist, framleis god helse og mange gode stunder med familie og barnebarn, og Guds velsigning i åra som kjem!


Steinar Frønsdal



Inviterte gjester var frå venster: to som hadde fått kongens fortenestemedalje - Karsten Lunde og Inger Klokkerstuen, og tidlegare ordførarar Eineride Åkra, Siri Klokkerstuen, Sigve Sørheim, Lars Lundal og Lars Øyre.
Foto: Aud Jorunn Baustad.



Kyrkjestaben vil takka Kongen og alle som bidrog for ei flott stund i Stødle kyrkje. Foto: Aud Jorunn Baustad.



Kong Harald besøkjer Stødle kyrkje.
Foto Ola Vatn, Det kongelige hoffet.

Kongebesøk i Stødle kyrkje

Både bygd og folk hadde pynta seg då kong Harald endeleg kom på offisielt besøk til Etne. Veret viste seg frå ei ganske venleg side, med opphald heile tida, så det var ikkje regntøy kongen fekk sjå på køyreturen gjennom den vakre bygda vår, men mange flotte folk i finstas og bunad.

Besøket var planlagt med eit første stopp for kongen i Stødle kyrkje, det eldste bygget i kommunen. For oss i kyrkja var det stor stas at han innleia besøket med ein tur til den vakre kyrkja! Ho var dessutan finare enn på lenge, nykalka og staseleg. Også på kyrkjegarden hadde tilsette og frivillige gjort stor innsats.

Det var sokneprestane og kyrkjeverja som fekk seie velkommen til kongen og hans følgje. Vel inne i kyrkja fekk kongen sjå ein del av sogespelet om Erling Skakke og kong Magnus den 5, framført av Ansgar Øvernes Hatteland, Geir Marius Bergom Halleland, Anne Lise Grindheim, og Nils Halleland.

Deretter fortalde kyrkjeverje Aud Jorun Baustad om både historia til kyrkja, og om nokre detaljar frå sjølve kyrkjebygget.





Sogespelet om då kong Magnus vart krona vart framført av flinke aktørar.

Foto: Aud Jorunn Baustad.

Kongen var i Etne berre halvanna time. Difor var det nokså stramt med tida, og berre drygt 20 minuttar etter at kongen blei ønskt velkommen, var han på veg vidare. Men før han forlet Stødle, fekk han gleda seg over Skakkekoret som framførte Etnesongen på haugen utanfor kyrkja.

I kyrkja var det berre ope for eit fåtal inviterte gjester i tillegg til kongen sitt følgje. Det hadde sjølvsagt vore ei glede å kunne opne dørene til kyrkja på vid vegg for alle ved eit slikt høve. Takka vere ABC-studio skjedde det på mange måtar også: Dei hadde saman med kommunen ordna det slik at alt som skjedde i kyrkja, blei vist på storskjerm i Skakke Amfi, og slik fekk dei fleire hundre som var der, også del i alt som skjedde på Stødle.

Så gjekk turen til nettopp Skakke Amfi, der kongen fekk møte folket i eit ope arrangement. Det blei dansa og sunge, helsa og talt, og kongen sjølv talte også, rett i hjarte på dei mange som høyrde på.

Det var ein stor dag for oss i staben i kyrkja å få vera vertskap for kongen denne dagen!

Gjerde kyrkje



No gler me oss til jubileum. Det vil vera mange arrangement, og me håpar Etnesbuen og mange andre tar turen innom Gjerde-kyrkja denne veka.

OPEN KYRKJE: Det vil blant anna vera open kyrkje fleire dagar. Der vil du få høyra mykje av historia om kyrkja på Gjerde, om stavkyrkja som stod her først, om flyttinga av noverande kyrkje frå Lille Sandviken til Etne, og mykje anna. Du vil få sjå deg rundt i kyrkja, og i tårnet, og sjå klokkene som er frå før svartedauden, og som er blant dei mest verdifulle kyrkjeklokkene i Norge. Det vil også vera ei utstilling av ulike gamle ting.



JUBILEUMSHEFTE: Det er eit jubileumshefte under arbeid, med mykje historisk innhald. Dette kjem for sal til jubileet.

GJERDEVOTTEN:
Det er designa strikkevottar med motiv frå dei særeigne blomemaleria på veggene i Gjerde kyrkje, og krossbautasteinen utanfor kyrkje. Strikkepakkar vil bli selde ved arrangement under jubileet og hjå «Søstrene Lye».

350 år i Etne

Program for veka

Laurdag 17. oktober
kl. 13.30 - 15.30 Open kyrkje med omvisning
kl. 16 - 17.30 Kyrkjeprat» v/Alf Østrem med gjester
Tema: Skråblikk på Gjerde kyrkje sett frå Sjoargarden
Gjester: Stein Oddvar Gravelsæter, Gunvald Østreim og Turid Fosse Becker.
Billett: kr. 200,- (150,- for pensjonistar)
Kan kjøpast i døra

Søndag 18. oktober
kl. 11.00 Festgudsteneste i Gjerde ved Biskop Ragnhild Jepsen, prost Arild Steinsland, sokneprest Per Hjemdal og organist Tone Heide.
Etterpå: Jubileumsfest Enge bedehus. Velkommen både bygdefolk og inviterte gjester. Her vil det bli servert betasuppe, kaffi og kaker. Det vert rom for helsingar og anna program.

Onsdag 21. oktober
kl. 17.00 Pilgrimsvandring frå Stødle til Gjerde. Velkommen til å vera med på vandringa, frå Stødle, via prestegarden, Etne kyrkje og til Gjerde kyrkje. Det blir enkelt program undervegs, og servering av kakao. Det blir diplom og pilgrimsstempel for dei som vil ha det.

Fredag 23. oktober
kl. 19.00 Konsert med Økland's i Etne kyrkje. Sjå eigen omtale. Etne prosjektkor deltek også. Billett kr. 300,- kan kjøpast på event.checkin.no eller i døra.

Laurdag 24. oktober
kl. 13 - 14.30 Open kyrkje med omvising
kl. 15.00 Historisk foredrag med Jørn Øyrehagen Sunde.
Tema: «Gud sin ære» - Gud og djevel, synd og spetakkel, ære og felespel i Etne og omegn på 1600- og 1700-talet.
Jørn Øyrehagen Sunde er professor i rettshistorie ved Institutt for offentleg rett, universitetet i Oslo. Billett: kr. 250,- (200,- for pensjonistar) Kan kjøpast i døra.

Søndag 25. oktober
kl. 11.00 Familiegudsteneste – Etne kyrkje. Ved Sokneprest Per Hjemdal.
Her blir det utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4-åringar, og teikneseriebibel til 10-åringar.
Etterpå Kyrkjekaffi på kyrkjetorget

I tillegg vil det vera arrangement for skuleklassar på dagtid vekedagane.

Prestesituasjonen i Etne

No når sokneprest Kari Vik Stuhaug har slutta i Etne blir sokneprest Per Hjemdal ny sokneprest i Etne sokn på permanent basis. Inntil vidare er han sokneprest i både Skånevik og Etne, og skal følgja opp både sokneråd og konfirmantar i begge sokn.

Når det gjeld situasjonen for Skånevik sokn så arbeider ein med å få på plass sokneprest i fast stilling, 50% i Skånevik i kombinasjon med prostipreststilling i 50%.

På kort sikt vil kanskje det løysast med vikarar.

Prost Arild Steinsland

Program for trusopplæring i haust



Kyrkjerotter – 5-åringar i Skånevik og Etne.
To samlingar i Skånevik kyrkje 2. og 9. september frå kl 17.00 – 18.30.

Mini-konfirmanter for 12-åringar i Etne og Skånevik.
Ei samling fredag 18.sept frå kl 17.00 – 20.00. Deltaking på gudsteneste i Grindheim kyrkje søndag 20.sept kl 11.00.

Teikneseriebibel til 10-åringar.
Utdeling av teikneseriebibel på familiegudsteneste 27. september i Skånevik kyrkje og 25. oktober i Etne.

Miniskule og 4-årsbok i Etne.
Utdeling av bok 25.okt. så blir det tre samlingar før diplomutdeling i desember.



Krølletreff for 2-åringer i Skånevik i september (27. sept), Etne i oktober.

4-årsbok og 4-årstreff/miniskule i Skånevik i september. Hausttakkefest søndag 27. september i Skånevik kyrkje. 4-årstreff/miniskule laurdag 26. sept.

Lys Vaken for 11-åringar i Etne og Skånevik. Samling i Skånevik kyrkje laurdag 21. – søndag 22. november.

Engletreff for 3-åringar i Etne kyrkje i desember.
3-åringane får invitasjon til samling og å henta dåpsengelen sin.

Babysong, småbarnstreff og baby-yoga.
Etne kyrkjetorg tysdagar kl 12-14.

Tripp Trapp Treff i Skånevik anna kvar onsdag i bedehuset frå kl 14.00, alle aldre.

Babysong i Skånevik, på bedehuset, anna kvar onsdag kl 10-12.
Det vert sendt ut invitasjon i posten til alle medlemmer i kyrkja. Dersom du har born som ikkje er medlem, men ønskjer å delta – er dei sjølvsagt hjarteleg velkomne.

Det kan dukke opp fleire ting i haust. Følg med på nettsida.

Kontinuerlige aktivitetar:

Fredagsklubb
Samling anna kvar fredag i Etne kyrkje for 1.til 7. klasse. Og anna kvar onsdag i bedehuset i Skånevik for 5. til 7. klasse.

KRIK
Samling anna kvar fredag i Etne kyrkje frå 8.klasse.

Soul Children
Annankvar torsdag kl 17.30 - 19.00.

Soul Teens
Annankvar torsdag etter skuletid.



Konfirmantane 2026



Bak frå venstre: Simen Berge Lillegraven, Peder Løhaugen Håheim, Henrik Markhus Kroká, Jonas Træet, Knut Arnfinn Trosterud Storhaug, Robert Matre, Sebastian Skårdal, Gabriel Gursli Tjelmeland, Herman Handeland Ekornrud, Jaran Lauareid Hovda, Teodor Ness Lye, William Sævereid, Daniel Lovra Viskjer, Bastian Lunde Sørheim, Konrad Hjelvik, Lukas Tendal, Jone Sævareid. Midterste rekke f.v.: Mathias Osvåg Moe, Kevin Aase, Adele Åbø, Inger Rullestad, Andrea Ekornrud, Linnea Håheim, Astrid Kvalvågnes, Oline Svantesvold Flatebø, Madelen Näslund Haugen, Maria Mæland Dagestad, Alida Skålerud, Iben Sofie Sørheim, Hannah Cathrina Flydal Flatebø, Leander Owe, Jan Filip Jensen, soknеprest Kari Vik Stuhaug. Framme f.v.: Sigrid Austrheim, Ellie Ludvigsen, Live Markhus Vevatne, Lisa Selland Ramsvik, Alette Tjelmeland, Leah Emilie Owe, Frida Mæland, Emilie Aase, Malene Fosso Moe, Marte Frette, Silje Markhus Hegerland, Sigrid Hornenes Sørheim, Maren Vevatne, Peder Åsbø.

Foto: Svein Egil Økland



Bak frå venstre: Joakim Moe Tungesvik, Collin Michael Gordon, Johannes Sævareid Winterthun, prest Per Hjemdal. Foran frå venstre: Ingrid Synnøve Garvik Ebne, Juliana Haga Bull-Tornøe, Anna Garvik Arefjord, Milla Holmedal Åsheim.

Takk til våre

Bonde Kompaniet

Lundal
KVALITET SIDAN 1870

Ølen Begravelsesbyrå
Vi hjelper med alt innen
• Gravferd • Gravstein
• Minnesider
Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no
Vindafjord • Etne • Tysvær

SPAR

LAUAREID
Service

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg
Salg, service og reiseliv
Studiespesialisering
IT og medieproduksjon
Påbygging til generell studiekompetanse

Misjonssambandet skoler

Lars Anders Molnes
Entreprenør
Etne
906 13 134
Småmaskiner 0.8 - 8 tonn

GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.
www.skattkjaer.no
Skattkjær Skiferindustri as
Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Ønsker din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!

annonsørar!

Grannar
Lokalavisa for Etne og Vindafjord

SKL

Etne Auto AS

Ølen Regnskap AS
post@olenregnskap.no

BRØDRENE MÆLAND
Bygget i 15 år

MØBELRINGEN

EUROSKO
Etne Senter • tlf 53 75 60 44

Etne Bilservice

Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustaddraumar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitektarbeid
- Teiknetenester
- Søknadsprosessar



Vigor BYGG Systemhus

– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Livets gang

Etne sokn

Døypte:

05.04 Brage Kvestad Grindheim
09.05 Julie Elea Fjellstad
24.05 Andreas Tungesvik Ekornrud
24.05 Mildri Hansen Øvregård
24.05 Tiril Grindheim Hetland
14.06 Helle Hegerland
14.06 Hanne Bøthun Norheim
14.06 Selma Bøthun Norheim
21.06 Åse Ebne Ekornrud
09.08 Kristian Aase Vae
09.08 Lyder Moe Heggelund
09.08 Sabrina Haugen Molland
16.08 Ava Vestre Hegerland
16.08 Oline Søndenå Thorsen

Vigde:

16.04 Yuphawadee Yemsanthia og Per Emil Nilsson
06.06 Mathilde Eide og Johannes Tvedt
20.06 Karoline Grøthe og Sondre Lauareid Hovda
20.06 Therese Haugland og Jens Inge Holmen
22.08 Siren Haugland Gundersen og Lasse Grindheim

Gravlagde/bisette:

13.03 Olav Hjelmtveit
24.03 Mariamu Mukantabana
24.04 Leif Harald Tesdal
19.06 Harald Orvedal
23.06 John Otto Flatebø
09.07 Ole Ragnar Gundegjerde
16.07 Rune Birkeland
19.08 Rakel Agathe Hardeland

Alpha kurs for ungdom

Er du nysgjerrig på livets store spørsmål? Lurer du på kven Jesus er, kva tru eigentleg handalr om, eller korøeos ,e lam leve gode liv saman med andre? Då er Alpha Youth noko for deg!

Kvar samling består av tre deler:

- Me startar med eit felles måltid
- Me ser ein spennande og engasjerande film
- Me deler tankar og spørsmål

Me møtest heime hos Anne eller Elisabeth annankvar veke, med oppstart 8.september 2026.

Kirkejakten.no

Ein stor turistattraksjon i Norge er alle dei flotte kyrkjene, og mange besøkjer kyrkjene når dei er på tur.

Det finns ein app på mobilen som heiter «kirkejakten»
Du kan finna kyrkjer i nærleiken på kartet, og stempla inn når du er der. Kvar kyrkje du besøkjer får eit stempel i passet ditt. Samle kyrkjer

Kulturkveld på Enge bede

KM-karane arrangerer Kulturkveld på Enge Bedehus fredag den 11. sept kl. 1900.

KM-karane syng litt.

Vi får besøk frå Finnøy. Aslak Bråtveit med frue kjem og vil fortelle om Resturasjonen. Båten som reiste til Amerika for 200 år sidan, og også den som reiste
i fjor til jubileet, og som han var med på. I fleire år

mellom 13 - 20 år



Ta gjerne kontakt om du har spørsmål, eller for påmelding på tlf. 99158814 (Anne) eller 90062728 (Elisabeth).

---

frå Norge, Sverige og Danmark – det finns 330 000++.

Mange av dykk besøkjer kyrkjer andre stader når de er på reise, men kan du historia til våre lokale kyrkjer? Me vil gjerne dela den historia me kjenner om kyrkjene. Sjekk gjerne nettsidene våre, eller ta deg ein tur innom kontoret for meir informasjon og historie.

I oktober er det eit godt høve til å bli kjent med historia til Gjerde kyrkje i samband med jubileet.

Aud Jorunn Baustad

---

hus

på førehand var han med på dugnad og restaurerte denne båten for den lange reisa. Dei to skal framføre ei form for drama/skodespel omkring dette som er vel verd å få med seg-. Aslak vil og framføre musikk på Flygelhorn og piano. Elles vert det servering av kaffi med noko attåt og ei utlodding. Kveldstankar som avslutning.

Livets gang

Skånevik sokn

Døypte:

06.04 Olav Lundal
28.06 Sverre Handeland Ekornrud
28.06 Sigrid Eikeland- Knutslien
02.08 Martine Vimme Solberg
02.08 Fillip Solberg Aakre
23.08 Liv Nordbø Haugen

Gravlagde/bisette:

25.03 Wainy Alise Strand
17.04 Ingmar Johannes Åkra
05.05 Bjørn Olav Haugen
10.06 Asbjørn Kløve
12.06 Aud Ingrid Fjæra
30.06 Ulrik Bull-Tornøe

Kyrkjeposten treng di støtte


Etne og Skånevik kyrkjelyder seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3626.46.37966

Vipps: 808258

Kyrkjeposten
#808258

Gudstenestekalender



23.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste
30.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste, konf.presentasjon og gullkonfirmantar
06.09.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste, konf.presentasjon og gullkonfirmantar
13.09.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste
20.09.	11:00	Grindheim kyrkje	Familiegudsteneste
27.09.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste
04.10.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste
11.10.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste
18.10.	11:00	Gjerde kyrkje	Jubileumsgudsteneste
25.10.	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste
01.11.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste
01.11.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste
08.11.	11:00	Frette kapell	Gudsteneste
15.11.	11:00	Fjæra kapell	Gudsteneste
22.11.	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste
22.11.	19:00	Etne kyrkje	Lovsongsgudstenste
29.11.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste
02.12.	19.00	Etne kyrkje	Lysmesse
06.12.	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste
13.12.	11:00	Ebne bedehus	Gudsteneste

Endringar kan koma, følg med i Grannar eller www.etne.kyrkja.no.

ETNE BRUKTBU

Opningstider

Onsdag 11-16

Laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!

Redaksjonsnemnda i kyrkjeposten: Harald Grønnevik, Kari Johansson, Steinar Frønsdal, Alf Østrem, Per Hjemdal og Aud Jorunn Baustad. Layout: Mona Ingvild Svendsby.